



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
07.04.2017  
Dykkar dato  
28.03.2017

Vår referanse  
2017/1805 421.3  
Dykkar referanse  
16/3814

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Lindås - gnr 83 bnr 1 - Spjotøy – naust - oppgradering av kaiområde - klage**

Vi viser til oversending frå kommunen med frist til 20.04.2017 for å klage.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for utviding av naust og kaiområde på gnr 83 bnr 1.

Eigedomen ligg i eit område som i arealdelen av kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er synt med arealføremålet landbruk, - natur- og friluftsområde (LNF).

Eigedomen ligg også innanfor bygge- og deleforbodssona ved sjø i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8, slik at tiltaket også er avhengig av dispensasjon frå denne føresegna.

**Fylkesmannen i Hordaland klagar med dette på Lindås kommune sitt vedtak av 28.03 2017 sak 16/3814 – 17/9291.**

#### Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak planføresegnene og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

Kommunedelplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommune- og reguleringsplanlegging, jf. Ot.prp. 32 (2007-08) s. 242.

Fylkesmannen rådde frå dispensasjon til kai av eit slikt omfang som omsøkt i brev av 20.02.2017. Det går fram av pbl § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styresmakter har uttalt seg negativt til søknaden. Fylkesmannen viser til uttalen som grunnlag for klaga:

*Vi kan derimot ikkje sjå at det er trong for å fylle igjen heile vika for å kunne nytte naustet som planlagt. Det går ikkje fram av søknaden at det er naudsynt å planere ut på begge sider av eksisterande bryggeanlegg. Vi rår til å samle inngrepa i sjøen framfor naustet, og ikkje fylle ut i sjø vest for båtopptrekket. Storleik på utfyllinga er forskjellig i vedlegg D1 og D2.*

*Omfanget av utfyllinga/kaiområdet vil medføre så store inngrep i strandsona at det vil vere uheldig å gje dispensasjon av omsyn til dei nasjonale strandsonerinteressene. Ein dispensasjon kan i tillegg skape presedens for dette og liknande område i framtida.*

Det er gjort mindre endringar i omfanget av kaien etter uttalen vår. Det er likevel framleis slik at det er søkt om utfylling på sida av naustet og i forkant av naustet slik at kaien vil vere samanhengande i heile denne vika. Som kommunen viser til er dette området usjenert og lite utbygd. Det skulle gi gode høve for allmenn bruk av området. I Lindås kommune er det stort press på dei sjønære areala, og kommunen er plassert i sone 2 i dei statlege planretningslinjene for differensiert strandsonerforvaltning. I kommunar med stort press er det ekstra viktig å sikre dei områda i kommunen som er mindre utbygd.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at konsekvensar for naturmangfaldet er vurdert i saka, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. Det går fram av same lov § 7 at ei slik vurdering skal gå fram av alle forvaltningsvedtak.

Fylkesmannen si vurdering er etter dette at omsyna bak kommunedelplanen og byggeforbodet i pbl § 1-8 vert vesentleg tilsidesette dersom det vert gitt dispensasjon til oppføring av kai som omsøkt i revidert søknad, jf. pbl § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan Fylkesmannen heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er då ikkje oppfylte. Fylkesmannen finn difor å måtte klage på Lindås kommune sitt vedtak av 28.03.2017, sak 16/3814 - 17/9291.

Vi ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon som omsøkt.

Fylkesmannen ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til dess klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Dersom klaga ikkje vert tatt til følge, skal saka sendast Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil deretter sende saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*